

Tor Bringedal si nye bok vil ha stor interesse i Uskedalen.

02.12.2018



Tor Bringedal er ute med bok 3 - Frå Bringedalsbygda til Herøysund, ei bygdehistorie frå perioden 1850 til i dag.

**Knapt ein stol var ledig i Grendahuset då Tor Bringedal sist søndag presenterte boka Frå Bringedalsbygda til Herøysund - Bygdehistorie 1850 - 2018. Skulekrinsen Bringedalsbygda med vel 600 innbyggjarar må vera den bygda i Kongeriket der det meste er dokumentert i bokform på ein fagleg og grundig måte, 1,7 kg og 640 sider. I tillegg kjem alt Bringedal skriv om bygda i to tidlegare bøker frå perioden 1837 - 1965.**

Boka er ei bygdesoge, men har også med mykje om gardane, bruka og slektene. Skulen frå 1862 og fram til i dag har ein sentral plass i boka. Det same må ein sei om arbeidet som er gjort med å dokumentera lags saga til dei mange frivillige organisasjonane. Med god hjelp av Hermund Fenne er stadnamna på kvar gard lista opp med tyding, bruk og koordinatar.

Det har alltid vore nære relasjonar mellom Herøysund og Uskedalen. Det kjem tydelege fram om ein berre les namneregisteret. Av mange hundre finn vi over 50 namn frå eller med sterke band til Uskedalen. Tor Bringedal skriv til dømes om Samson Richardsen Eik i Helvik på 1850 talet og framover. Han er ein sentral person i bygda og veit å plassera sønene sine i viktige posisjonar.

Ei anna slekt, som tok namnet Bringedal, var Samson Olsson Bringedal frå Musland i Uskedalen. Han var gift tre gonger. Sonen Ole Samsonson, gift med Ivertine Anker frå Lurøy, kjøper og flyttar til bruk 9 på Myklebust i Uskedalen. Etterkomarane held fram med å bruka namnet Bringedal.

Krigshendingane april dagane 1940 er grundig omtala. Her finn vi namnet Hans Meland som sidan 1934 hadde bodd i Kro. Døtrene Klara og Astrid er intervjuja og fortel om det som skjedde desse dagane.

Elles kan vi lesa om Alfred Eik frå Padlane i Uskedalen som i to periodar la ned eit stort arbeid som dirigent for Herøysund skulemusikk, skipa i 1972. Bringedal skriv utførleg om heile 25 lag og organisasjonar, alt frå misjonsforeningar til båtlag.

Utflyttinga, særleg ved utvandring til Amerika, var stor i perioden 1850 - 1930. Om lag 250 menneske flytta. Folketalet var likevel stabilt for talet tilflyttarar var det same. Av 22 gardsbruk på 1860 talet skifta heile 17 av dei eigarar. Mange reiste og mange nye kom.

Boka til Tor Bringedal vil ha stor interesse for mange uskedelingar. Namneregisteret lettar arbeidet med å finna fram til rett person og hending. Boka er å få kjøpt på nettet eller ved direkte kontakt med forfattaren. Bringedal AS har eiga nettside: [www.tor-bringedal.com](http://www.tor-bringedal.com)

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal